

Sjekkliste for innspel om allmenne interesser i vilkårsrevisjonen, jamfør Standardvilkår for nyare reguleringskonsesjonar, NVE 24.9.2004.

Landskap

- Er utføring og vedlikehald av tekniske anlegg slik at det økologiske og landskapsarkitektoniske resultatet er så godt som mogleg?
- Kan det gjerast meir med anleggsvegar, massetak og plassering av overskotsmasse?
- Kva med råderetten til tippar og andre arealkrevjande delar av anlegget?
- Er anleggsområda forsvarleg rydda?
- Finst det hjelpeanlegg som kan nyttast av allmenta?
- Har NVE oppfylt sine tilsynsoppgåver?
- Kva med kraftlinetrasear?

Naturforvaltning

- Er vilkåra lagt til rette for naturleg reproduksjon og produksjon hos stadeigne fiskepopulasjonar? Er dei naturlege vilkåra for fisk og anna naturleg dyre og planteliv redusert ved reguleringa? Er det noko som framleis kan gjerast?
- Er det gjennomført tiltak som kompenserer for skader på fiskestammane?
- Kan fisken vandre fritt i vassdraget, og er tunnelar og overføringar elles laga slik at tap av fisk blir redusert?
- Er vilkåra for utøving av fiske oppretthaldne? Er det noko som framleis kan gjerast?
- Finst det plante og dyreliv som er direkte eller indirekte påverka av reguleringa, og kva er i så tilfelle gjort eller kan gjerast av kompenserande tiltak og tilrettelegging?
- Er det utført noko kartlegging av utbreiinga av framande artar som ørekyt og stingsild, og kan reguleringa ha vore med på å ha lagt til rette for spreining av desse artane?
- Finst det delar av vassdraget med problemvekst av krypsiv, og i kva grad kan slike problem ha blitt forsterka av reguleringa? Kva for tiltak kan konsesjonæren bidra med for å redusere problemet?
- Kva for bruks- og opplevingsverdiar for friluftslivet er det som blir påverka av reguleringa, og kva for kompensasjonstiltak er gjennomført eller bør gjennomførast?
- Kva for naturvitskaplege undersøkingar er gjennomført, og korleis er behovet for vidare undersøkingar? Kva med undersøkingar av friluftslivet?
- Kva er det rimeleg å forlange av konsesjonæren av årlege ytingar til hjelp for vilt, fisk og friluftsliv (miljøfond)?
- Er det behov for dekking av utgifter til ekstra oppsyn?
- Korleis er rutinane for kontroll og tilsyn, og kva er konsesjonæren sitt ansvar på dette området?

Kulturminne

- Finst det delar av reguleringa der det framleis er behov for arkeologiske undersøkingar? I tilfelle kva for undersøkingar, og kva er det som bør gjerast?

Ureining

- Finst det ureiningsproblem som kan ha samband med reguleringa, anten som følge av anleggsverksemd eller redusert vassføring?
- Finst det tippar med innhald som kan ureine vassdraget, anten ved lekkasje eller ved at massen i tippet blir bruka til andre føremål? Kva vil ein i så fall gjera med problemet?

Ferdsel

- Er vegar og bruer bygde av konsesjonæren opne for allmenta? Kva for avtalar gjeld for vidare bruk og vedlikehald?
- Er turvegar, klopper med vidare tekne vare på eller lagt om på ein måte som tek vare på vilkåra for allminneleg ferdsel til fots?
- Er det gjennomført tiltak for å lette bruken av båt i regulerte vatn?

Tersklar

- Er det laga planar for bygging av tersklar og andre tiltak for å redusere skadeverknader av redusert vassføring?
- Er det behov for sikring mot erosjon/ras/flaum som følgje av reguleringa?
- Er det aktuelt med tersklar for å skape meir stabil vasstand i delar av reguleringsmagasin?

Rydding av reguleringsone

- Er reguleringssoner og vassvegar tilfredsstillande rydda?

Manøvrering

- Er det behov for pålegg om minstevassføring? Eventuelt spyleflaumar eller slepp for å skape meir utskifting av vatnet i elvar med redusert vassføring?
- Er det behov for fyllingsrestriksjonar i reguleringsmagasin, til dømes dato for oppfylling til ei viss kote og reglar om kor sterkt vasstanden får variere utover sommaren?

Hydrologiske observasjonar

- Er det behov for nye hydrologiske målestasjonar for å overvake oppfylling av vilkår?
- Finst det berekningar av alminneleg lågvassføring og restvassføring i dei regulerte delane av nedbørfeltet?
- Er det lagt til rette for at allmenta kan kontrollere/følgje med på korleis vasstand og vassføring varierer i høve til fastsette vilkår?

Luftovermetting

- Har luftovermetting i samband med reguleringa skapt problem for fisk?

Merking

- Er det behov for merking av usikker is?
- Er det behov for kart og merking av grunnar og skjær som kan vera til fare for bruken av båt?